

## UU 49/18 Plan for utvalet sitt arbeid 2019

---

**Saksnr:** 15/06435-4      **Saksansvarleg:** Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*  
**Møtedag:** 28.11.2018      **Informasjonsansvarleg:** Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*

---

### Dokument i saka

[Mandatet til utdanningsutvalet](#)

[Årshjulet til utdanningsutvalet](#)

### Bakgrunn

I fylgje institusjonen sin heilskaplege planlegging og verksemdsoppfylging (PVO-prosessen) fylgjer perioden for både plan og rapportering kalenderåret. For utvalet tyder dette at planen for arbeidet i 2018 vert fastsett av utvalet i fjerde kvartal 2017, eventuelt på nyåret 2018, medan rapporten for arbeidet i 2017 vert fastsett etter at kalenderåret 2017 er omme.

Det er fastsett årshjul for utvalet sitt arbeid, som saman med mandatet legg føringar for planen for utvalet sitt arbeid. Sjå vedlegg.

### Plan for arbeidet 2018

Som bakgrunn for å vedta plan for 2019, fylgjer her planen for 2018, som utvalet fastsette i møtet 7. februar 2018 (sak 04/18). Denne har fire hovudområde med tiltak. I fyrste møtet i 2019 skal utvalet handsama rapport for året 2018, basert på den vedtekne planen.

#### *Arbeid med studiekvaliteten*

- Arbeid med studiekvaliteten vil i løpet av 2018 vera eit svært viktig arbeidsområde for utvalet. Gjennomgangen av studia, som er starta opp i 2017, er eit stort tiltak som utvalet vil få ansvaret for å fylgja opp og slutføra.
- Revisjon av kvalitetssystemet.
- Oppfølging av Studiebarometeret.
- Større fokus på digitalisering i arbeid med studiekvalitet.
- Tettare samarbeid med ECIU.

#### *Kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar*

- Utdanningsdirektøren ynskjer å gå gjennom og vurderer ordninga med dei to sentrale utvala i løpet av 2018. Dette punktet er avhengig av resultatet av den gjennomgangen av ordninga for læringsmiljøutval som Kunnskapsdepartementet har sett i gong.

#### *Utvalet som rådgjevande organ i strategisaker*

- Utvalet vil ha fokus på saker av strategisk verdi for utdanning, og gje råd til styret når dette er relevant.
- Diskusjon av rammer for studieporteføljen ved UiS.

#### *Opplæring av nye medlemmer*

- Vidareføring av dette området.

### Utdanningsdirektøren sitt framlegg til plan for 2019

Utdanningsdirektøren legg her fram ei ramme for plan for utvalet sitt arbeid i 2019. Framlegg til endeleg plan vert utarbeidd etter at utvalet har fått gje innspel i denne saka, og når rapport og vurdering av arbeidet i 2018 ligg føre. Utdanningsdirektøren vil også ta med eventuelle innspel frå fellesseminaret 11. desember i arbeidet med planen for 2019.

Utdanningsdirektøren foreslår at planen for 2019 skal ha fire hovudområde, og foreslår også tiltak under kvart område. Utvalet vert invitert til å diskutera desse og gje innspel til utarbeiding av endeleg plan, som vert lagt fram for utvalet i februar møtet.

#### *Arbeid med studiekvaliteten*

Arbeid med studiekvaliteten vil også i 2019 vera eit prioritert arbeidsområde for utvalet.

- Revisjon av kvalitetssystemet, mellom anna på bakgrunn av gjennomgang av studia og tilsynspilotane i 2018.
- Oppfølging av gjennomgangen av studia i 2018.
- Fokus på læringsutbyttebeskrivelsar i opplæringa av studieprogramleiarar.
- Oppstart av periodisk tilsyn med studier, i fylgje plan vedteken av utvalet hausten 2018.
- Oppfølging av Studiebarometeret.
- Førebuing av Nokut sitt varsla tilsyn med kvalitetssystemet og arbeidet med kvalitet i studia.
- Større fokus på digitalisering i arbeid med studiekvalitet.

#### *Internasjonalisering*

- Samarbeid med ECIU.
- Internasjonalt senter ved UiS.

#### *Kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar*

- Utdanningsutvalet fylgjer opp diskusjon om ordninga med dei to sentrale utvala i ny organisasjon.

#### *Utvalet som rådgjevande organ i strategisaker*

- Utvalet vil ha fokus på saker av strategisk verdi for utdanning, og gje råd til styret når dette er relevant.
- Diskusjon av rammer for studieporteføljen ved UiS.

#### *Opplæring av nye medlemmer*

- Vidareføring av dette området.

#### **Forslag til vedtak:**

Utdanningsdirektøren tek innspel frå utvalet med i utarbeiding av endeleg framlegg til plan for utvalet sitt arbeid i 2019. Planen vil verta lagt fram for utvalet sitt møte 20. februar.

Stavanger, 21.11.2018

Veslemøy Hagen  
utdanningsdirektør

Sakshandsaming: Eilef Johan Gard  
seniorrådgjevar